

Leiar

Alle stemmer må med

Folk byrjar å vakne til liv nå. Debatten om kommunesamanslåing er i gang, og det er fleire enn politikarane som meiner noko, sjølv om det fortsatt er dei som er flest på banen. Det er likevel viktig at fleire blir med, at innspela frå meinigmann, både gammal og ung, kjem fram. Kanskje aller mest frå ung. Det er ungdommen som er framtida, og det er dei som skal leve med den reforma som blir vedtatt nå, ei reform som kjem til å påverke og forme tilboda og livet i lokalsamfunnet.

Og det er ikkje slik at ungdommen ikkje bryr seg, ikkje har engasjement eller ikkje er samfunnsengasjerte. Dei må bare fram i lyset – og dei må opplyst. Det gjer ein ikkje ved å føre debatten i forum der denne aldersgruppa ikkje ferdast – eller ved å ignorere dei ved å ikkje invitere dei inn.

Kanskje bryr ikkje dei unge seg så mykje om kommunegrensar eller korleis det nye kommunekartet over Noreg vil sjå ut i framtida, men dei bryr seg om lokalsamfunnet sitt, og er ofte opptatt av dei same tinga som vaksne. Dei kallar det bare ikkje politikk. Den yngre generasjonen er ofte meir opptatt av korleis ting fungerer i praksis enn å definere grensar. Det vil derfor vere både rettvis og fornuftig av dei som i dag sit ved makta å bruke krefter på å få dei unge stemmene inn i debatten. For å få det til krevst både initiativ, kreativitet og innsats.

«Innbyggjarane skal føle at dei er godt representert, at det blir styrt godt og at det blir levert gode tenester.»

Alle meiner nok djupast sett noko om kommunestruktur. For folk flest vil det kanskje handle mest om kva for konsekvensar nye kommunegrensar vil få for dei som innbyggjarar. Det gjeld både i forhold til tenestetilbod og korleis lokaldemokratiet skal fungere. Godt styresett er avhengig av god representasjon – også i utkanten av nye storkommunar. Innbyggjarane skal føle at dei er godt representert, at det blir styrt godt og at det blir levert gode tenester. Om det blir slik med nye kommunegrensar, kan mellom anna vere ein god diskusjon.

I debatten som nå skal gå er det derfor viktig at alle og ulike stemmer kjem med slik at folket sin agenda kjem fram – ikkje bare politikarane. Å høyre på folket gjennom debattmøte, ulike møte, spørjeundersøkingar og eventuelt ei folkeavstemming bør derfor vere ei sjølvfølgje før viktige avgjersler blir tatt.

God start for o

Skarphedin sine onsdagsrenn er godt i gang. Nærmare 90 ungar i alderen fire til fjorten år deltok i det første rennet under gode forhold på Nordbøanlegget.

Øystein Akselberg

oystein@boblad.no - tlf 906 38 453

Det myldra med små og litt større skientusiastar i det fine skianlegget på Nordbøåsen då Skarphedin langrenn sist veke drog i gang sesongens første onsdagsrenn. Klassisk stil stod på programmet og nær 90 unge trippa spent med startnummer på brystet før start.

André Horgen og Ole Johnny Prestbakken frå Skarphedin langrenn var hovudansvarlege for gjennomføringa, og hadde med seg ti andre i arrangørstaben. Staben tel foreldre og folk frå både langrennsgruppa og skiskyttarlaget.

Flest utan tid

Dei yngste gjekk 500 meter utan tidtaking, men fekk skikkeleg start av funksjonærar med pipande startklokke slik det skal vere i skirenn. 47 ungar i alderen fire til sju år gjekk denne runden utan tidtaking.

Frå aldersklassene 2007 og

eldre går ein enten ein runde på ein kilometer eller to rundar. Her var det stor innsats og stort variasjon i motivasjon og innstilling til det å gå skirenn. Nokon gjekk for å ha det gøy, andre for å vinne.

– Det er første gong eg er med, sa Andreas Borgersen.

– Eg har vore med før, sa Magnus Heggelund.

Dei gjekk ut på ein kilometer runde saman, og meinte dei gjorde det mest for gøy og litt for å gå fort på ski.

Vil ha med fleire

André Horgen var passe nøgd med starten og oppmøtet den første renndagen.

– Me har plass til fleire, så det er berre å møte opp og bli med på dei komande renna, seier han, og legg til at utfordringa er å få med dei frå ti år og eldre.

Langrennsgruppa oppfordrar folk å melde seg på via epost og elles møte i god tid.

Bø Løypelag var på plass med løypemaskina og hadde køyrd opp gode løyper i det elles strålende fine skianlegget på Nordbø.

I går kveld gjekk andre rennet i serien, i fri teknikk, medan det neste onsdag igjen er renn i klassisk stil.



Varm saft smakar. Hannah og Kristian B. Haakenstad fekk saft etter at dei kom i mål.



Debut i onsdagsrenn. Mathias Slette-meås saman med mamma gjorde seg klar til sitt aller første onsdagsrenn.

 **Bøblad**

27. årgang. Skipa 1986.


Godkjent opplag i 2013: 2501
Medlem i Landslaget for lokalaviser (LLA)

Adresse:

Postboks 104, 3833 Bø i Telemark
Besøksadresse: Bøgata 69
Tlf. 35 95 19 45
Faks: 35 95 40 28


Opningstider: Kl 9-15.


www.boblad.no
pdf versjon: buyandread.com


 **Redaktør/dagleg leiar:**
Hilde Eika Nesje
947 89 450
redaksjon@boblad.no


 **Journalist:**
Øystein Akselberg
906 38 453
oystein@boblad.no

 **Journalist:**
Marta Kjøllesdal
976 88 692
marta@boblad.no

 **Journalist:**
Gro B. Røiland
930 22 398
gro@boblad.no

 **Salsansvarleg:**
Rune Digranes Bøen
950 85 949
marked@boblad.no

 **Grafikar/annonse:**
Dag Einar Hvitsand
911 52 320
grafisk@boblad.no

 **Avismedarbeidar:**
Synnøve Sudbø Kleppe
35 95 19 45
annonse@boblad.no

Frilansarar:
Karen Anne Grindem
Glenn Isaksen
Jon Bjones
Eline Nesje

Avfotografering eller gjenbruk av stoff, bilete og annonsar utan avtale er ikkje tillatt. Innsendt stoff blir til vanleg ikkje honorert med mindre anna er avtalt. Bø blad forbeheld seg retten til å publisere innsendt stoff også i vår nettutgåve.

Abonnementsprisar:

Halvår kr 550,- heilår kr 890,-
Studentab. kr 550,-
Tillegg utlandet.
Bestill på sms: 406 24 528
eller epost: abonnement@boblad.no

Annonsefrist:

Måndag kl. 14
Større annonsar:
Fredag kl. 10.00 veka før innrykk.

Utgeve av Bø blad AS
Org nr.: 842 831 032
Bankgiro: 2630 05 04360
Trykk: Nr1 Trykk AS, Larvik

PFU Bø blad arbeider etter «Vær Varsom-plakaten» sine reglar for god presseskikk. Om nokon kjenner seg råka av urettvis presseomtale, oppmodar me om at ein først tek kontakt med redaktøren. Ein kan også ta kontakt med Pressens Faglige Utval, (PFU), som er eit klageorgan oppnemnd av Norsk Presseforbund. PFU handsamar klager mot pressa i presseetiske spørsmål. Adresse: Rådhusgata 17, Postboks 46 - Sentrum, 0101 Oslo. E-post: pfu@presse.no Tlf: 22 40 50 40 - Faks: 22 40 50 55